



## ÅRSMELDING 2021



Det vart lagt ned mange dugnadstimar før gapahuken sto ferdig



Frå friluftsgudstenesta ved Heivatn i samarbeid med «Jeger og fisk»»

# ÅRSMELDING 2021

## 1. KORT OPPSUMMERING

Restriksjonane som har følgt pandemien har lagt føringar for det meste av arbeidet i kyrkja òg i 2021. I periodar fekk vi ikkje halde gudstenester i det heile, og til andre tider har det vært reglar for kor mange vi kunne samle, naudsynt avstand og anna form for smittevern.

Vi er glade for at vi i stor grad har kunna gjennomføre både trusopplæringstiltak og konfirmantundervisning i noko tilpassa form slik at barn og unge har hatt eit tilbod frå kyrkja i denne tida.

På same måte er vi glade for at diakoniutvalet har tatt arbeidet med å sørge for ekstra smittverntiltak for å kunne tilby eldre og andre utsette grupper fellesskapsopplevelingar og kunna motverke einsemd i ei tid med mykje isolasjon for mange.

Statistikken for året er igjen vanskeleg å samanlikne med andre år på grunn av dei inngripande smittevernreglane. Men det er gledeleg at vi framleis har mange frivillige som stiller opp til dei mange ulike oppgåvene.

Nytt av året er oppføring av ein flott gapahuk ved sida av Kviteseid kyrkje. Vi vonar at den kan nyttast av både store og små som eit ekstra rom for samlingar ved kyrkja.

Elles har det vært god stabilitet i staben siste året. Tidlegare vikar for fagarbeidar fekk fast tilsetting i august.

**Hovudtal frå rekneskapen:**

Økonomi:	Drift	Investering
Budsjett 2021 (inntekter)	Kr 5.157.233	Kr 2.239.650
Rammeoverføring frå kommunen	Kr 3.450.000	Kr 1.000.000
Tilskot frå Riksantikvaren		Kr 850.000
Netto resultat og disponeringar	Kr 59.422	
Rekneskapsresultat (- = mindreforbruk)	Kr 0	Kr -42.001

## 2. MÅLSETJING OG ANSVAR

Den nye «Kirkeordning for Den norske kirke» vart gjeldande frå 01.01.21. Om soknerådets oppgåver står det her mellom anna:

§ 12. *Menighetsrådets oppgaver:*

«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksamhet henvendt på alt som kan gjøres for å vække og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte ges trosopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.

*Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.»*

*«Menighetsrådet avgjør om det skal tas opp offer eller foretas innsamling i kirken og forvalter de midler som blir samlet inn, bevilget eller gitt som gave til kristelig virksomhet i soknet, med mindre annet er fastsatt...»*

*«Menighetsrådet medvirker ved tilsetting i kirkelige stillinger etter de regler som gjelder til enhver tid.»*

*«Menighetsrådet innbyr minst en gang i året de tilsatte i soknet til å ta del i rådets drøftinger om menighetsforholdene og de oppgaver som foreligger.»*

Kviteseid er ein eitt-sokns-kommune. Det gjer at soknerådet òg løyser det som er rekna som fellesrådsoppgåver:

### § 17. *Kirkelig fellesråds oppgaver*

*Kirkelig fellesråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgaver på vegne av soknene, utarbeide mål og planer for den kirkelige virksomhet i kommunen, fremme samarbeid mellom menighetsrådene og ivareta soknenes interesser i forhold til kommunen.*

*Kirkelig fellesråd er ansvarlig for*

- a. bygging, drift og vedlikehold av kirker,*
- b. anlegg, drift og forvaltning av gravplasser,*
- c. opprettelse og nedleggelse av stillinger som lønnes over fellesrådets budsjett,*
- d. anskaffelse og drift av kirkekontor,*
- e. administrativ hjelp for prosten når kirkens virksomhet nasjonalt yter tilskudd til det,*
- f. anskaffelse av lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring.*

- Kviteseid har i alt 6 kyrkjer og 7 gravplassar (kyrkjegardar): Kviteseid, Kviteseid gamle, Brunkeberg, Vrådal, Vrådal gamle kyrkjegard, Fjågesund og Kilen.
- Kviteseid sokn har 6 tilsette. Til saman dekker desse 3,7 årsverk. Alle er menn. Soknerådet vurderer arbeidsmiljøet i verksemda som godt. I tillegg til dei fellesråd-tilsette, har soknet ein sokneprest som er tilsett og løna av bispedømerådet, og som er del av staben i soknet.
- Administrative og økonomiske oppgåver i soknet:
  - Soknerådet utarbeider mål og planar for den kyrkjelege verksemda, forvaltar inntekter og formue etter lov og vedtak, og tek vare på soknet sine interesser. Dei praktiske oppgåvene som fylgjer av soknerådet sitt tilsynsansvar, vert utførte av dei kyrkjeleg tilsette. Kyrkjeverja er dagleg leiar for verksemda og er sakshandsamar for soknerådet.

## 3. SOKNERÅDET SINE MEDLEMER

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås, Vidar Syrtveit Mikalsen og Sigrun Garvik Moen (sekretær)

Vararepresentantar: 1. Vigdis Helene Bruhaug, 2. Aud Turid Fjågesund (i permisjon), 3. Inge Waldenstrøm,

4. Eva Lisbeth Lier og 5. Jan Rune Bjørnson

Sokneprest: Møyfrid Lunde.

Kommunerepresentant: Bjørn Nordskog med vara Jonn Foldøy.



*Marit Gotuholt, leiar*

## 4. SAKER I SOKNERÅDET

Soknerådet hadde 65 saker til handsaming i 2021. Sakene var fordelt på 7 møte, og følgjande saker vart handsama:

**6. januar:** Drifts - og investeringsbudsjett for 2021, årssamtale med prost, årsmelding frå prostidiakonen, dato for soknemøte (årsmøte), komité og stad for konfirmantfest.

**3. mars:** Årsrekneskap og årsmelding 2020, førebuing til soknemøtet, konfirmasjon i framtida, mandat

for gudstenesteutvalet, fasteaksjonen 2021.

**14. april:** Revidert årsrekneskap 2020, godkjenning av årsmelding 2020, gudstenesteplan for hausten 2021, offerliste for 2021, Kyrkjebladet – produksjon og formidling på sosiale medium, gapahuken ved Kviteseid kyrkje, dugnad på kyrkjegardane.

**2. juni:** Diakoniplan, kulturplan for Kviteseid sokn, revisjonsmelding, revisjon av driftsbudsjettt 2021, investeringsplan 2022-2026, val av komitéar for gullkonfirmantfest og kyrkjelydsbasar.

**25. august:** Økonomirapport for 1. halvår 2021, forslag til driftsbudsjettt for 2022 og økonomiplan 2023-2026, tilsetjing av kyrkjegardsarbeidar frå vikar til fast stilling, lesepult til Kviteseid gamle kyrkje, straumlevrandør (VTK eller Fjordkraft), høyring om ny kyrkjeordning, arbeidstilhøva for kvinnelege prestar i Dnk, trusopplæringsplanen.

**6. oktober:** Samtale med kyrkjelydsutvalet i Kviteseid, benkane i Kviteseid kyrkje, innkøyring til Kviteseid gamle kyrkje, gudstenesteplan for våren 2022.

**17. november:** Val av leiar og nestleiar, rekneskapsrapport for 3. kvartal 2021, offerplan for våren 2022, møte med organist og trusopplærar, høyring om kyrkjeleg organisering, møteplan for soknerådet 2022.

I tillegg var det på soknerådsmøta mykje informasjon (sak med tittel «Post og meldingar»).

Referata frå soknerådsmøta blir lagt ut på nettsida [www.kviteseid.sokn.no](http://www.kviteseid.sokn.no).

## 5. TILSETTE

Soknerådet hadde ved utgangen av 2021 ansvar for 3,7 årsverk fordelt på seks tilsette i arbeid.

- Kristen Salmelid: kyrkjeleverje i 100% stilling, tilsett 2016.
- Olav Holm: organist i 70% stilling, tilsett 2019.
- Jan Gunnar Haugen: fagarbeidar (kyrkjegardsarbeidar og kyrkjetenar) i 50% stilling, tilsett i 2000.
- Håkon Heggtveit: fagarbeidar (kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar) i 50 % stilling, tilsett i 2013.
- Bjørn Stian Sigurdslid: fagarbeidar (kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar) 50% stilling. Vikar frå august 2020, tilsett i fast stilling frå 1. aug. 2021.
- Knut Ove Lofstad: trusopplærar og sekretær i 50% stilling (inklusiv 10% sekretæroppgåver), tilsett aug. 2020.

Sokneprest Møyfrid Lunde er ein del av den lokale staben med kontorlass på kyrkjekontoret, men er tilsett i Øvre Telemark prosti av bispedømerådet, med Kviteseid sokn som særskilt arbeidsområde. Prosten er næreste overordna, og i ferier vikarierer prestene i Seljord og Kviteseid for kvarandre.

I tillegg har soknet tilsette som vi deler med sokn i fleire kommunar, og som har kontorlass utanfor kommunen vår:

- Eilev Erikstein: prostidiakon i 100% stilling. Stillinga er felles for sokna i Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje. Opphaveleg løna bispedømmet 50% av stillinga, men då summen derfrå har stått uendra, har fellesråda/sokneråda sin del auka.
- Caroline Bringsås: ungdomsarbeidar i «Ønsket og elsket» i 30% stilling. Alle sokn/fellesråd i Øvre Telemark deler på finansiering av denne stillinga.

- Sara Marie Christiansen Smith: ungdomsarbeidar i «Ønsket og elsket» i 20% stilling. Alle sokn/fellesråd i Øvre Telemark deler på finansiering av denne stillinga.
- Petter Jakobsen: dagleg leiar i «Ønsket og elsket» i 50% stilling. Denne stillinga er finansiert av bispedømet.

## 6. VEDLIKEHALDSARBEID OG PROSJEKT MED BYGG OG ANLEGG

### 6.1. Investeringsprosjekt:



- Avstiving innvendig i Brunkeberg kyrkje (kr. 1.500.000)
- Brannvarslingsanlegg i Fjågesund kyrkje (kr. 345.000)
- Forbetring av lynvernanlegg i Fjågesund kyrkje (kr. 262.000)

- Gapahuken ved Kviteseid kyrkje (kr. 138.000 i tillegg til frivillig dagnadshjelp.)  
Rekneskapsmessig var dette ikkje eit investeringsprosjekt.

### 6.2. Nytt og reparasjon av inventar, utstyr og anna

- \* Sett opp nytt gjerde ved enden av Vrådal kyrkjegard.
- \* Ordna utvendig kledning på bårehus i Vrådal.
- \* Lagt asfalt på parkeringsplass ved Kviteseid kyrkje og i carport under bårehuset.
- \* Fjerning av mose frå taket på Kilen kapell.
- \* Laga ny inngang til kjellaren i Fjågesund etter brannen.
- \* Lakka opp alle smijarnsportane i Kviteseid og Vrådal.
- \* Måla bårehuset i Vrådal utvendig.
- \* Erstattar dei gamle flaggstengene i tre med glassfiberstenger i Brunkeberg.
- \* Hanne Roholdt har sydd, brodert og gjeve nye duker til småborda i Kviteseid kyrkje. Dei har motiv frå altartduken same stad.
- \* Hanne Roholdt og Herdis N. Jørgensen har gått igjennom kyrkjekstilane i alle kyrkjene, fotografert og registrert dokumentasjon på alt.



### 6.3. Dugnad og arbeid på kyrkjegardane:

Det vart som vanleg utført annonsert oppryddingsarbeid og dugnad på kyrkjegardane i mai. Takk til alle som deltok. I Fjågesund er dugnaden rundt kyrkja og ikkje på kyrkjegarden.

Avtalar om planting og stell: Vi hadde 30 langtidsavtaler (legat-avtaler), og 15 sesongavtalar.

## 7. ØKONOMI

Hovudinntekta til soknerådet er tilskot frå kommunen. Til trusopplæring kjem tilskot direkte frå staten. Anna inntekt er hovudsakeleg festeavgift, kollektar, trekk frå gravlegata, jolemesse, gåver til kyrkjebladet, faste gåver, momsrefusjon og sjukelønsrefusjon. Nokre år, som i 2021 har vi og fått eit

betydeleg tilskot frå Riksantikvaren til investering.

Rammeoverføringa frå kommunen til drift var i 2021 på kr. 3,450 mill., mot kr. 3,429 mill. i 2020. Tenesteytingsavtala var reforhandla til kr 347.000 etter å ha vore kr 148.000 i mange år.

Driftsrekneskapen for 2021 enda med eit meirforbruk (underskot) på kr 59.422 etter ein omsetnad på kr 5.157.233. Det er 1 % avvik. Men grunna overskot på kr 190.220 i 2020, vart det rekneskapsmessig balanse, og samla avsetning til disposisjonsfond kr 140.798. Det var ingen større avvik, men litt mindre inntekt og litt høgare utgifter.

Investeringar vart gjort for til saman kr. 2.239.650 og enda med udisponert investering (overskot) på kr 42.001 som setjast av til bunde investeringsfond. (Det vart i 2020 redusert med kr 23.076 etter underskot)

Balanserekneskapet viser sum Eidedalar (anleggsmidler og omløpsmidler) er kr 13.887.000 (2020: kr 12.144.219). Dette balanserer med sum eigenkapital og gjeld. Det er ein auke på kr 1.742.781 frå året før.

Vi viser elles til den fullstendige rekneskapen for soknerådet for 2021 som blir lagd fram til orientering på soknemøtet.

Ofringar i 2021 vart enda eit år vesentleg lågare enn normale år og budsjett.

## 8. SOKNERÅDET SITT ARBEID

### 8.1. Gudtenestelivet i soknet

Dette året har som det førre vore prega av dei avgrensingane som koronarestriksjonane har lagt for det praktiske gudstenestelivet.

Biskopen har forordna 52 gudstenester i Kviteseid sokn. Desse er fordelt på sundagar og høgtidsdagar gjennom året i dei ulike kyrkjene etter ein fordelingsnøkkel som følgjer forordninga. Ein sundag i månaden er det ikkje gudsteneste i soknet.

Gjennom året har det vært skiftande reglar og anbefalingar å fylge. I periodar har vi hatt messefall fordi vi ikkje kunne samlast fysisk. I andre periodar har det vært grenser for kor mange som kan samlast – 10, 50, 100 osv. På ein del gudstenester har vi derfor praktisert påmelding, og det har vore til hinder for at alle som har ynskt å samlast kunne komme. Det har til dels vore vanskeleg for kyrkjevertar å måtte avvise folk i døra. Særleg ved påske- og jolehøgtida har vi sakna å kunne invitere alle til kyrkjene.

I andre periodar har avstand på to eller ein meter vore førande for kor folk kan sitje og røre seg i gudstenesta. For å få inn flest mogleg har vi på særmerkte gudstenester laga lister på førehand og reservert plassar. Andre gudstenester har vi valt å halde utandørs for å kunne samle fleire. Vi har halde gudstenester på nye plassar – nedfor kyrkjemammaren i Kviteseid, på plassen bak Kviteseid kyrkje, utanfor Brunkeberg kyrkje, ved Heivatn og på plassen nedfor Jokeren i Vrådal – i tillegg til den tradisjonelle frilufts-gudstenesta på Vrådal gamle kyrkjegard på Kristi himmelfartsdag

I løpet av året har vi òg hatt 12 eigne dåpsgudstenester slik at det vart plass til flest mogleg i dei andre gudstenestene. Dei enkle dåpsgudstenestene har vore tatt godt i mot av familiane. Men når det har vore plass i sundagsgudstenesta har det vore fint for kyrkjelyden å kunne ta del i sjølve dåpshandlinga og få understreka kyrkjelyden sitt ansvar for dei døypte.

Det var lenge usikkert om ein kunne gjennomføre konfirmasjonsgudstenestene som planlagt i vår. Difor sette vi opp nye datoar for konfirmasjon på hausten. For at konfirmantane skulle få ha med seg flest mogleg på gudstenesta, vart det alt i alt gjennomført fem konfirmasjonsgudstenester.



Dette året har vi igjen kunna trekke mange av trusopplæringstiltaka inn i gudstenestene. På tårnagenthelg og Lys Vaken førebudde barna deltaking i gudstenesta. Utdeling av dåpsgåver og fireårsbok skjedde og i samband med gudstenesta, og konfirmantane førebudde og gjennomførte samtalegudstenesta ute i det fri.

Kyrkjelydsutvala knytt til dei ulike kyrkjene gjer ein god jobb med å

sørge for blomar, kyrkjevertar og kyrkjekaffi til gudstenestene. Elles er det frivillige som deltek som klokkarar, forbedrarar, musikarar, songarar og ministrantar. Det gode arbeidet organisten gjer med å engasjere frivillige på ulike instrument og song tilfører gudstenestene noko ekstra og gjev god variasjon i uttrykk. Konfirmantane deltek som ministrantar med ulike oppgåver på kvar sine gudstenester haust og vår. Mange av dei gjev uttrykk for at det er fint å hjelpe til, og det er ein fin måte å gjere seg kjent med gudstenesta på. For kyrkjelyden er det fint å møte ulike frivillige og konfirmantar i desse ulike tenestene. Vi kan framleis engasjere fleire klokkarar og forbedrarar.

Med seks kyrkjer å halde gudsteneste i, er det ein utfordring å fordele gudstenestene på ein god måte mellom kyrkjene. Fjågesund og Kilen har no berre få gudstenester. Kviteseid kyrkje er å rekne som hovudkyrkje. To av sundagsgudstenestene her er i gamlekyrkja i samband med opning av bygdetunet og Kviteseiddagen. I juli månad har vi òg hatt kveldsmesser på torsdagar i gamlekyrkja. I Brunkeberg og Vrådal skulle vi gjerne hatt meir jamleg gudstenester slik at ein fekk ei betre rytme.

Vi har arbeidd med korleis vi kan gjere gudstenestene meir tilgjengelege for barnefamiliar. I Kviteseid har vi difor prioritert ein fast rytme med familiegudsteneste kvar fyrste sundag i månaden. I samråd med gudstenesteutvalet har prest og organist arbeidd med å utvikle ei ny lokal ordning for familiegudstenestene. Målet har vært at gudstenesta skal kommunisere og fungere betre for barn slik at dei kan ta meir aktivt del. Vi har brukt element frå barna si gudsteneste på sundagsskulen for å skape gjenkjening mellom den og familiegudstenesta.

Vi har elles tilbydd nattverdgudsteneste vår og haust på KOS. Og vi har hatt skulegudsteneste for Brunkeberg oppvekstsenter og Kviteseid skule. Vi hadde òg førebudd skulegudsteneste med Kvitsund gymnas, men den vart avlyst pga. nye korona-reglar like før jol.

## 8.2. STATISTIKK

	<b>2021</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>	<b>2017</b>
<b>Gudstenester</b> (inkl. i institusj.)	<b>65 (2)</b>	<b>40</b>	<b>61 (2)</b>	<b>62</b>	<b>61</b>
<i>Kviteseid (inkl. Kv.Gml.), dåp + Skule/Barnehage + Kveldsmesser</i>	<i>23, 7 1 5 4</i>	<i>22, 3 1 0</i>	<i>24 3 4</i>	<i>24+9</i>	<i>24+9</i>
<i>Messefall, koronareglar</i>					
<i>Brunkeberg, dåp +Skule/Barnehage</i>	<i>10, 2 1 2</i>	<i>13, 2 1</i>	<i>11</i>	<i>10</i>	<i>10</i>
<i>Messefall, koronareglar</i>					
<i>Vrådal</i>	<i>11,3 0 2</i>	<i>7 1</i>	<i>11 1</i>	<i>12</i>	<i>10</i>
<i>+Skule/Barnehage</i>					
<i>Messefall, koronareglar</i>					

<i>Fjågesund og Kilen Messefall, koronaregclar</i>	5 1	5	7	7	8
<b>Dåp</b>	<b>17</b>	<b>13</b>	<b>11</b>	<b>17</b>	<b>22</b>
<b>Konfirmasjon</b>	<b>21</b>	<b>11</b>	<b>22</b>	<b>18</b>	<b>24</b>
<b>Vigsler</b>	<b>3</b>	<b>2</b>	<b>8</b>	<b>5</b>	<b>4</b>
<b>Gravferder</b>	<b>25</b>	<b>15</b>	<b>25</b>	<b>21</b>	<b>37</b>
<b>Innmelde - utmelde</b>	<b>1 - 9</b>	<b>0-6</b>	<b>2 - 9</b>	<b>3 - 4</b>	<b>2 - 10</b>
<b>Medlemmer totalt</b> <i>Har ikkje lenger tal på tilhøyrige</i>	<b>1764</b>	<b>1775 (+39)</b>	<b>1771 (+43)</b>	<b>1796 (+46)</b>	<b>1793 (+47)</b>
<b>% medl. i Dnk</b>	<b>71.9 %</b>	<b>75,5 %</b>	<b>75,5 %</b>	<b>76,5 %</b>	<b>75,6 %</b>
Av innbygg. i kommunen ved utg. av 3. kvartal (SSB)	2452 (4. kv.)	2403	2402	2408	2433
<b>Andakter på KOS og Midts.t.</b>	<b>10 + 9</b>	<b>11 + 12</b>	<b>10 + 9</b>	<b>9</b>	<b>9</b>
<b>Kulturarrangement</b>	<b>6</b>	<b>5</b>	<b>10</b>	<b>6</b>	<b>5</b>
<b>Deltakarar på ant. arr.</b> <i>(Gudst., andaktar, egne og andres konsertar, frå SSB-rapporten)</i>	<b>3876 - 81</b>	<b>2241 - 59</b>	<b>4601 - 65</b>	<b>4861 - 67</b>	<b>5240 - 72</b>
<b>Gjennomsnitt frammøte</b> forordna gudstenester	<b>56</b> 2768/49	<b>42</b> 1861 / 44	<b>76</b>	<b>71</b>	
<b>Registrerte frivillige *</b>	<b>151</b>	<b>134</b>	<b>70</b>	<b>71</b>	<b>120</b>
<b>Kyrkjeofringar</b> <i>Til kyrkjelydsarbeidet</i> <i>Misjonsprosjektet</i> <i>Andre eksterne</i>	<b>185 400</b> 42 000 21 000 122 400	<b>141 000</b> 38 000 23 000 80 000	<b>257 000</b> 78 000 31 000 148 000	<b>226 000</b> 49 000 26 000 151 000	<b>185 000</b> 51 000 24 000 110 000
<b>Andre innsamlingar</b> <i>Jolebasaren</i> <i>(Trusoppl.+misjonsprosj.)</i> <i>Fasteaksjonen</i>	<b>95 500</b> 56 500 (36,5 '+20') 39 000	<b>83 000</b> 50 300 (35 '+15') 34 700**	<b>89 000</b> 41 000 (26 '+15') 48 000	<b>93 000</b> 52 000 (32 '+20') 41 000	<b>94 000</b> 48 000 (33 '+15') 46 000
<b>Andre gåver</b> <i>Kyrkjebladet</i> <i>Faste gåver til eige arbeid</i>	<b>111 600</b> 36 500 75 100	<b>116 000</b> 34 000 82 000	<b>119 000</b> 48 000 71 000	<b>75 000</b> 54 000 21 000	<b>52 000</b> 52 000

\* Ny god oversikt over alle frivillige i soknet frå og med 2020    \*\*Digitale bøsser

### 8.3.Trusopplæringa «Størst av alt»

Tilsett: Knut Ove Lofstad var tilsett i 50 % stilling som trusopplærar. I stillinga inngår administrasjon, planlegging og gjennomføring av tidsavgrensa breidde-tiltak, oppfølging og besøk i grupper og deltaking i konfirmantarbeid.

#### Trusopplæringsutvalet:

Vidar Syrtveit Mikalsen (leiar), Møyfrid Lunde, Knut Ove Lofstad, og Sigrun Egeland Bakken.

Utvalet har i 2021 hatt fire møte på våren og tre på hausten.

I 2021 har utvalet halde fram jobben med å realisere gapahukprosjektet. Gapahuken sto ferdig hausten 2021. Trusopplæringsutvalet er veldig nøgd med resultatet.

Utvalet har jobba med evaluering av diverse trusopplæringstiltak: Utdeling av dåpsgåver, tårnagenthelg, konfirmantleir, 4-års samling, adventskalender til 5-åringar og sundagsskulen er tiltak som har vore evaluerte i utvalet. I evalueringa har det kome fram viktige tilbakemeldingar og idear som kan gjera tiltaka betre. Koronarestriksjonar har betydd ei større utfordring enn elles, men trusopplærar og sokneprest har i samarbeid med trusopplæringsutvalet funne gode løysingar for å gjennomføre på ein god måte trass i restriksjonar.

Utvalet har jobba vidare med forslag til endringar i den generelle delen av trusopplæringsplanen.

Utvalet skal gå igjennom resten av planen i 2022 og vurdere kva som kan vera annleis, kva som kan vera vanskeleg å forstå, kva som kan formulerast betre, osv.

#### Medlemmer og døypte:

Vi får tilskot til trusopplæring ut frå 256 barn mellom 0-17 år som er medlemmer.

17 døypte. Av desse budde 1 ikkje i soknet, 1 var fødd i 2019, 7 fødde i 2020, 7 fødde i 2021 og 2 var konfirmantar.

#### Tidsavgrensa breidde-tiltak:

- Utdeling av dåpsgåver.
  - 1-3 år – 32 av 33 (97%)
  - Dei som ikkje møtte opp på gudstenesta, fekk gåvene tilkjørte av trusopplærar og ei frivillig.
- Utdeling av 4-årbok med samling før gudstenesta. Kviteseid kyrkje 5. september – 5 av 11 (45%)
- Utdeling av adventskalender til 5-åringar. Misjonshuset i Kviteseid 27. november. – 6 av 15 (40%).
- Tårnagenthelg 30.-31. Januar. – 9 av 27 (33%)
- Lys Vaken i Kviteseid kyrkje 27.-28. November. – 2 av 31 (6%)

#### Kontinuerlege grupper:

- **Babysong/småbarnstreff** på Misjonshuset kvar torsdag. 0-3 år starta opp att i haust etter eit lengre opphold i korona-tida. Ansvarleg: Møyfrid Lunde
- **Sundagsskule.** 6 samlingar i 2021 i Bornas kapell under dei gudstenestene i Kviteseid som ikkje er familiegudstenester. Ansvarleg: Knut Ove Lofstad.
- **Barnegospel.** Øver annankvar torsdag på Misjonshuset. 5-8 år. Song på gudstenester og andre møte. Tilslutta Normisjon. Ansvarleg: Liv Solveig Liudden.
- **3 idrettsgrupper** på Kvitsund Gymnas. Tysdagar og torsdagar. 6-9 år, 10-12 år og 13-15 år. Tilslutta NLM. Ansvarleg: Ellen Eggebø Jore.
- **Yngres i Vrådal.** Annankvar tysdag på bedehuset. 10-15 år. Tilslutta NLM. Ansvarleg: Astrid Breivik.
- **Kviteseid Soul Children.** Øver i Kviteseidhallen annankvar tysdag på vårparten og annankvar mandag på haustparten. 12-15 år. Tilslutta Normisjon. Ansvarleg: Olav Holm.
- **Kviteseid speidargruppe.** Speiderane samlast annakvar mandag kl.18 på speidarlassen ved elva mellom gamle Syftestad camping og Li sag. I tillegg reiser speidaren på turar i helger, og på leir om sumaren. Speidaren er eit samarbeid mellom Betel og Kviteseid sokn. 9-15 år. Ansvarleg: Knut Ove Lofstad, Ane Holm, Hans Kristian Aabø, Vidar Syrtveit Mikalsen og Torbjørn Skjæveland.
- **Fredagsklubben.** Etter at Fredheim hadde signalisert at dei ville trekke seg ut av klubben, inviterte dei interesserte frå dei ulike forsamlingane til å vurdere om dei ville gå inn i arbeidet. Kyrkja gjekk då inn med frivillige i eit team som arrangerte fredagsklubb saman i haust.

#### Konfirmant-arbeid:

- **Konfirmantar 2021:** 21 konfirmantar følgde undervisninga fram til konfirmasjon i 2021 (117%). I tillegg følgde ein ekstra deler av undervisninga, men hadde sin seremoni i pinsemenigheten. To av

konfirmantane tilhørde eldre årskull, og ein var døypt i utlandet og er ikkje medlem av DNK. På våren hadde vi lokale undervisningssamlingar torsdagar på Misjonshuset eller i kyrkja etter skulen. Konfirmantane deltok i ein fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp, men av omsyn til smittevern gjekk dei ikkje med bøsse frå dør til dør. Dei gjennomførte eit sponsorløp i Kviteseid sentrum i staden.

Då vi ikkje kunne samlast med konfirmantar over kommunegrensene, vart sommarleiren gjort om til leir i vinterferien. Vi overnatta på Straumnes skule og følgde digitale samlingar frå Ønsket og elsket der – i tillegg til lokale aktivitetar. Leiren blei lokal og delvis digital pga. koronarestriksjonar.

Konfirmantane hadde òg pilegrimsvandring mellom Brunkeberg kyrkje og Kviteseid kyrkje. Samtalegudstenesta vart arrangert utanfor kyrkja slik at vi kunne vere samla alle. Dei fekk sin konfirmantfest på Misjonshuset etter gudstenesta. Vi hadde 5 konfirmasjonsgudstenester i staden for dei 3 planlagde pga. korona-avgrensingar for frammete.



- **Konfirmantar 2022:** Konfirmantane, føresette og sokneråd fekk uttale seg og var samde om å halde fram med vår-konfirmasjonar. Då dei andre sokna i Øvre Telemark har gått over til haust-konfirmasjon, vart «Kick off» i Seljord flytta til hausten. Vi valde å ha påmelding i forkant av denne og hadde nokre lokale samlingar på hausten. Vi arrangerte òg vår eigen lokale overnattingstur på Lønnegraf i Vrådal døgnet før «kick off» for å bli betre kjent frå starten.
- Konfirmantane har delteke som ministrantar på gudstenester både vår og haust.

#### Ønsket og elsket:

- Ein av fjarårets konfirmantar meldte seg til leiarkurset til ønsket og elsket, og følgde dette leiarprogrammet på hausten.

#### **8.4. Misjonsprosjekt:**

For perioden 2021-2024 har soknerådet teikna to misjonsavtaler:

1 Bibelomsetjing i Sør-Etiopia gjennom Norsk Lutherisk Misjonssamband. Her er Karen Elisabeth Wittersø Hector og mannen Fredrik Hector utsendingar i arbeidet med omsetjing til tsamakko.

2 Sjukehuset Okhaldunga i Nepal gjennom Normisjon. Her er Liv Wendel utsending og arbeider med undervisning av sjukepleiestudentar i jordmorfag mellom anna.

Vi har hatt ein intensjon om å samle inn 20.000 kr til kvart av føremåla. I 2021 samla vi inn og sendte over kr 41 000.

Sju kyrkjeofringar årleg går til inntekt for kyrkjelydens misjonsprosjekt. I tillegg vert inntektene frå soknerådsbasaren delt mellom misjonsprosjektet og trusopplæringsarbeidet lokalt. For å greie våre avtala mål til misjonsprosjekta, sende vi 20.000 frå basaren, mot vanlegvis 15.000.

## 8.5. Diakoni:

**Desse har vært med:** Gunhild Dobbe, Kirsti B. Skjæveland, Åsa Wendel, Ellen Katrine Køhn, Hanne Roholdt, Marit Sørby, Reidun Torsdalen, Reidun Fisketjønn, Gunhild Breidalen, Ingrid Grestad og Olaug Røise. Hege Jønholt gjekk ut av Diakoniutvalet hausten 2021.

### Møtedatoar:

18. februar – Eilev Erikstein deltok, 4. mars, 22. april, 20. mai, 22. september, 29. september  
11. november.

Møyfrid Lunde var med på møta.

**Revidert diakoniplan:** Diakoniutvalet utarbeida og la fram eit forslag til revidert diakoniplan som soknerådet vedtok på sitt møte i juni.

**Besøksteneste:** Møte med Eilev Erikstein 18. Februar

**Strikkekafe på KOS:** Avlyst

**Konfirmantar:** Konfirmantane fekk mat og drikke før dei starta undervisninga.

**Midtsundtoppen:** Besøka med matservering vart avlyste, med unntak av 22. desember som gjekk som normalt.

**Føremiddagstreff:** Avlyst 27. januar, 6 treff på Misjonshuset, Sommartreff på Bygdetunet og Adventssamling i kyrkja: Det vart servering av graut, kaffi og kake på langbord dekka langbord i midtgangen. Song av Gunstein Draugedalen, og musikk og song av Olav Holm og to skulejenter.

**Diakonisamling for Vest-Telemark:** 17. oktober. Servering av suppe, kaffi og kake på Misjonshuset før gudstenesta.

**Besøk med blomehelsing:** Diakoniutvalet fordele besøk til dei som fylte heilt- og halvrundt tal frå og med 80 år.

**Helgemesse 7. november:** Diakoniutvalet sende ut invitasjon til dei som hadde mista nokon det siste året. Etter gudstenesta var alle inviterte til samling på Misjonshuset. Det vart servert mat og kaffi. Møyfrid Lunde var med. Song og musikk av Hallvard Jørgensen. Det var òg opne kyrkjer i Brunkeberg, Fjågesund, Kviteseid og Vrådal to timer på ettermiddagen.

**Bebuarar på Lundenjordet:** Førjolsfest 14. desember på Misjonshuset

For Diakoniutvalet, Kviteseid 26. Februar 2022

Kirsti B. Skjæveland

### Godhetsveka 2021 – 3.-8. mai

Kyrkja arrangerer godhetsveka i samarbeid med pinsemenigheten Fredheim, misjonskyrkja Betel og Misjonshuset (Normisjon). Veka vert planlagt og organisert gjennom ein felles komité. På grunn av restriksjonane vart ikkje godhetsveka annonsera dette året heller, men tidlegare brukarar vart kontakta og tilbydd å melde inn oppdrag. Over 40 medarbeidarar løyste over 20 oppdrag i løpet av desse dagane. 9. mai var det godhetsgudsteneste ute i bryggeparken.



### Prostidiakonen

Eilev Erikstein viser i sin årsrapport til arbeidet han har gjort i Kviteseid siste året. Her er eit utdrag av denne:

- 88 samtalar



- Deltaking på diakonidag i Brunkeberg
- Andakt på eitt føremiddagstreff
- Guys Group 2 gonger i lag med miljøarbeidar på Kvitsund – 20 deltagarar
- Deltaking på eitt diakoniutvalsmøte
- Vegleingsmøte for besökstenesta
- Etisk refleksjonssamling for heimesjukepleia
- Deltaking på to samlingar i gruppa «Optimistane» - gruppe for dei som har hatt eller har kreft
- Leva vidare-gruppe 4 samlingar med til saman 6 deltagarar, i samarbeid med soknepresten
- Leia ei gravferd og delteke i ei.
- Deltaking i adventsfest for Lundenjordet, i samarbeid med diakoniutvalet
- Deltaking på pilegrimsvandring med konfirmantane
- Deltaking på pilegrimsvandring med Kvitsund Gymnas
- Medverka på allehelgenskonsert i Kviteseid kyrkje
- Deltaking på tre turar med Midtsundtoppen
- 1 soknebod

## 8.6. Kulturarrangement, spesielle messer og anna:

<b>Gudstenester (utanom sundagar)</b>	
10. mars	Taizé-bøn i Kviteseid kyrkje
5 kveldsmesser i Kviteseid gamle kyrkje torsdagar i juli månad	
<b>Felleskyrkjelege arrangement (Kyrkja, Betel, Fredheim og Misjonshuset)</b>	
	Familiemøte vart avlyst på grunn av restriksjonar
	Fellesmøtehelg vart avlyst på grunn av restriksjonar
Godhetsgudsteneste vart ikkje gjennomført grunna alternativ Godhetsveke	
26. september	Felles song-møte med lokale utøvarar i Kviteseid kyrkje
Bøn for Kviteseid ein gong i månaden har vært arrangert dei fleste månader.	
Felles bøn har vært flytta til tysdagar på Misjonshuset kl. 18.00.	
<b>Konsertar og liknande.</b>	
5. juni	Konsert med Olav Mosdøl og Hege Bålsrød - «Ingen kan tjore fugletrekket»
1. oktober	Temakveld og konsert med Ivar Skipervold – tema: Hans Nielsen Hauge
7. november	allehelgenskonsert med Jan Haugen og Vidar Magnushommen m.fl.
14. november	Konsert med Kviteseid hornmusikk
18. november	Konsert med Sigmund Groven, Iver Kleive og Anne Vada
8. desember	Adventskonsert for eldre – med bl.a. Gunnstein Draugdalen, Olav Holm
12. desember	Adventskonsert med barnekora
<b>Anna</b>	
22.-24. februar	Konfirmantleir på Straumsnes med digitale samlingar frå Ønsket og elsket
20. mars	Fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp vart i 2021 gjennomført med sponsorløp av konfirmantane og digital innsaling. Representantar frå soknerådet sto med bøsse utafor matvarebutikkane i kommunen på laurdagen før den vanlege aksjonsdagen.
21. mars	Soknemøte (årsmøte), i Kviteseid kyrkje
2. mai	Konfirmantfest på Misjonshuset i Kviteseid

19. september	Gullkonfirmantfest på Misjonshuset etter gudstenesta i Kviteseid kyrkje.
16. oktober	Felles diakonisundag i Kviteseid kyrkje
27. november	Kyrkjelydsbasar på Misjonshuset til inntekt for Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid og Misjonsprosjekta

## 8.7. Melding frå organisten v/ Olav Holm:

Nok eit koronaprega år er tilbakelagt. Særleg våren var prega av nokre avlysingar og improviserte løysingar, og underteikna har ennå til gode å oppleve ei «vanleg» kyrkjepåske som organist. Men ettersom året steig fram kunne dei fleste arrangement avviklast, riktig nok med omstendeleg plassering av publikum. Særleg soknepresten har gjort eit enormt arbeid på dette knytt til gudstenester og gravferder.

Også dette året har det vært ei glede å arbeide saman med kollegane i kyrkja. I eit ope og positivt kollegium er det lett å få til løysingar sjølv i krevjande omstende. Det har og vore lett å be på friviljuge til ulike oppgåver knytt til song og musikk på gudstenester og andre arrangement. Det er eg sær takknemleg for. Eg håpar å kunne halde fram med det gode samarbeidet med friviljuge i song og musikk i kyrkjelyden òg i 2022.

Det har vore fint og meiningsfylt å komme meir i gang att med det diakonale arbeidet mot eldre i bygda, med andakter på KOS og Midtsundtoppen og føremiddagstreff på misjonshuset.

Liv Solveig Liiodden Sørbø gjer stadig ein framifrå jobb med Kviteseid barnegospel. Det må borna òg oppleve, for det er nå ikring 20 deltagarar. Underteikna trivst godt med å akkompagnere og hjelpe noko til saman med andre frivillige. Barnegospelen deltok på tre gudstenester i 2020, medan Soul Children deltok på ein. I Soul Children fekk underteikna over sommaren ein heil gjeng med medleiarar. Fantastisk! Agnes Marie Hægeland og Katrine Nordlien fungerer no som dirigentar, medan

Dag Henning Sørbø og Bent Grestad spelar i band saman med dei to gutta våre. Elise Foldøy har og bidratt i haust, etter at me innleia eit samarbeid med gamle Unge Røyster som og sleit med få medlemmer. Framleis får me og god hjelp til mellom anna mat og andakter frå ulike foreldre, så me er godt rusta for å ta imot fleire enn dei fem deltagarane me har hatt i haust. Aldersgrensene for kora er no justert til til og med 4. klasse for Kviteseid barnegospel, og frå 5. klasse for Soul Children.

Etter koronapause året før fekk endeleg Ågapet bidra på ei gudsteneste dette året. I tillegg hadde me som vanleg eit eige liturgisk kor til høgtidsgudstenestene pinsedag og joledag. Fredheimkoret har med sine mange songarar hatt problem med både å øve og opptre grunna smittevern, men vi håpar å sjå både Fredheimkoret og alle dei andre kora i bygda på gudsteneste i løpet av 2022.

Heller ikkje i år blei det mogeleg å avvikle julekonserten 3. sundag i advent på tradisjonelt vis. Men me fekk ha ei fin, enkel adventssamling med bornekora. «Gamleorganisten» Dagfinn deltok med orgelspel, og Møyfrid heldt andakt.

Kulturutvalet med underteikna, Thorbjørn Emdal og Toralf Grave hadde ein roleg vår, men «Ingen kan tjore fugletrekket» med Olav Mosdøl og Hege Bålsrød markerte på ein måte startskotet for meir konsertverksemd i kyrkja. I løpet av hausten har me hatt markering av Haugejubileet, Elvis og countrymusikk, virtuose juletonar på munnspel og hornmusikk. Me håpar på minst like variert konsertprogram i 2022, med endå fleire tilhøyrarar.

Med ynskje og håp om meir kyrkjekultur, for fleire, i 2022!



Kviteseid i februar 2022,

Olav Holm  
organist


## 8.8. Kyrkjebladet

Kyrkjebladet kom ut med fire nummer i 2021. Desse kom før påske, før sommaren, medio oktober og før jol. Redaksjonen har bestått av sokneprest Møyfrid Lunde (redaktør), Øyvind Jørgensen og Olav Mosdøl. Dagfinn Køhn har vært nytta som korrekturlesar i noko grad. Vi kjøper tenester for utforming og trykk ved Erik Tanche Nilssen AS og for massedistribusjon ved posten. Vi må avtale område for distribusjon med posten frå nummer til nummer då dei stadig endrar rutene sine. Der dei ikkje kan leve, har vi nytta frivillige til utdeling. I noko grad har vi òg sendt blad frankera. Det har hendt fleire gonger at det har vært svikt i distribusjonen av bladet frå posten si side slik at delar av soknet ikkje har fått bladet. Bladet vert i tillegg lagt ut digitalt på heimesida. Vi trykker giro i alle blada og får inn noko gåver via konto og noko på vipp. Gåvene dekker ikkje utgiftene med bladet.

Takk til alle for god innsats. Og vi er takksame for alle gode gåver i 2020:

	2021	2020	2019
På giro i kvart blad og litt på vipp, kom det inn totalt kr	36.500	34.000	48.000
Utgifter til å setje opp, trykke og sende ut dei 4 nummera var kr	65.000*	88.000	78.000

\* Grunna over 11.000 i refusjon etter feilsendingar hos Posten i 2021. Ytterlegare 7.600 har vi til gode hos Posten til reduksjon av kostnadene i 2022



## 8.9. Utval, komitear og representasjon

**Kyrkjelydsutvala** fordeler praktiske oppgåver knytt til gudstenester og bruk av kyrkja. Dei stiller kyrkjeverter som ynskjer velkommen i døra, ordnar blomar til altaret og steller til kyrkjekaffi. I heile 2021 har dei som ei ekstra oppgåve ført smittevernlistar. Dei bidrar til dugnad i og rundt kyrkja.

Brunkeberg: Anne Lise Råmunddal (leiar), Vigdis Helen Bruhaug, Anne Dorthea Heggteit Henriksen, og Eva Lisbeth Lier.

Fjågesund: Aud Turid Fjågesund (leiar), Gunn Karin Eikåsen, Monica Haugstøl og Anette Rønningen.

Kilen: Alternativt jolebord vart ikkje arrangert etter gudstenesta i desember dette året heller.

Kviteseid: Lisbeth Farmen Aaabø (leiar), Kirsti Breidalen Skjæveland, Sigrund Moen og Solveig Løfgren.

Vrådal: Astrid Breivik (leiar), Jan Gunnar Breivik, Bjørg Nekstad og Marit Sørby.

**Trusopplæringsutval**: Vidar Syrtveit Mikalsen (leiar), trusopplørar Knut Ove Lofstad, sokneprest

Møyfrid Lunde og Sigrun Egeland.

**Diakoniutval:** Kirsti Skjæveland (leiar), Gunhild Breidalen, Gunhild Dobbe, Reidun Fisketjønn, Ingrid Grestad, Hege Jønholt (gjekk ut hausten 2021), Ellen Katrine Køhn, Hanne Roholdt, Marit Sørby, Reidun Torsdal og Åsa Wendel.

**Gudstensteutval:** Astrid Breivik, Sigrun Egeland, Dagfinn Køhn, organist Olav Holm og sokneprest Møyfrid Lunde.

**Kulturutval:** Thorbjørn Emdal, Toralf Grave og organist Olav Holm.

**Andre komtiéar og representasjoner:**

- Komité for godhetsveka 2021 – Kristen Salmelid møtte for kyrkja.
- Komité for fellesmøter 2021 – Møyfrid Lunde møtte for kyrkja.
- Komité for kyrkjelydsbasaren 2021 – Kristen Salmelid, Gunnhild Dobbe, Dagfinn Køhn og Kirsti Skjæveland
- Komité for konfirmantfest 2021 – Marit Gotuholt, Dagfinn Køhn, Sigrun Garvik Moen og Marit Sørby.
- Redaksjonskomité for kyrkjebladet – Møyfrid Lunde (redaktør), Øyvind Jørgensen og Olav Mosdøl.
- Fasteaksjonen – soknerådet organiserte bøsseaksjon ved daglevare-butikkane i kommunen. Ein komité av konfirmantar og føresette førebudde sponsorløp med konfirmantane i samarbeid med soknepresten og trusopplærar.
- Prostirådet – Gudrun Nordbø Venås er soknerådet sin representant.
- Kirkens SOS Telemark – Marit Gotuholt er soknerådets kontakt.
- Årsmøte for Diakonatet i Vest-Telemark – Marit Gotuholt og Marit Sørby deltok på dette digitale møtet som «utsendingar» frå soknerådet.
- Diakonatet for Vest-Telemark – sokneprest Møyfrid Lunde sit i diakonatet som representant for prestane, og Sigrun Solvang er vald representant frå årsmøtet.

## 9. GODKJENNING

Årsmeldinga vart handsama av soknerådet den 23. mars 2022, og endeleg godgjend etter at årsrekneskapen var ferdig 27. april 2022.

Rekneskapen sendast vidare til revisjon.

Kviteseid, 27. april 2022

Marit Gotuholt

Leiar

Møyfrid Lunde

Sokneprest

Kristen Salmelid

Kyrkjeverje